



Ove Malvin Eknes
Eidavegen 209
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3206 - 17/31245

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
31.10.2017

Førebels svar trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 239/8 Eknes ytre


Avgjevar eigedom: Gbnr: 239/8 Eknes ytre
Tiltakshavar: Ove Eknes
Ansvarleg søkjar: Ove Eknes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.09.2017. Søknad gjeld frådeling av 2 parsellar frå gbnr. 239/8.

Parsell 1 gjeld eit areal som ligg mellom gbnr. 239/8 og E39.

Parsell 2 gjeld bygning med bygningsid.: 12498047 med areal rundt, .

Vi har delt opp søknaden. Nedanforståande gjeld «Parsell 1»



Planstatus

Arealet er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA), delar av arealet som er søkt frådelt er i KPA avsett til LNF-spreidd, resten av arealet er i KPA avsett til LNF. Parsell 1 er oppgjeve å ha eit areal på om lag 1100 m². I området avsett til LNF-spreidd på Eknes er det i inneverande planperiode ikkje opna for nye einingar. Det er opna for at tilleggsareal på inntil 200 m² kan arealoverførast til eksisterande , bygde, bustadeigedomar.



Tiltaket er ikkje i samsvar med arealføremålet LNF og kjem ikkje inn under unntaka i høve storleik på tilleggsareal gjeve i KPA.

Omsøkt tiltak krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023.

Det er i søknad opplyst at ein ønskjer arealet frådelt og oppretta som eigen matrikkeleining for evt. seinare samanføyning med gbnr. 239/82. For oppretting av eigedom er det krav om dokumentasjon på at tilhøve knytt til veg (pbl § 27-4), vatn (pbl § 27-1) og avlaup (pbl § 27-2) er sikra. Før dette er dokumentert kan ikkje søknad om frådelling handsamast.

Dersom arealet vert direkte overført (endra til søknad om arealoverføring) frå gbnr. 239/8 til gbnr 239/82 så vil mottakar eigedomen gbnr. 239/82 som per i dag er bygd med bustad, ha naudsynte rettar knytt til veg, vatn og avlaup, og ein vil soleis ikkje måtte dokumentere nemnde yttarlegare.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast, dersom de meiner at varsling av søknad om dispensasjon ikkje er naudsynt så må det gjere skriftleg greie for dette jf. plan- og bygningslova § 21-3.
2. Dersom de ønskjer at saka skal handsamast som arealoverføring mellom gbnr. 239/8 og gbnr. 239/82, ber vi om skriftleg attendemelding på dette.
3. Dersom ein ønskjer å etablere parsell som sjølvstendig eigedom må det søkjast om utsleppsløyve, søknad om utsleppsløyve må nabovarslast.
4. Dersom ein ønskjer å etablere parsell som sjølvstendig eigedom må det dokumenterast vegrett fram til offentleg veg og rett til å etablere, drifte og vedlikehalde vass- og avlaupleiding.
5. Dersom ein ønskjer å etablere parsell som sjølvstendig eigedom må det søkjast om løyve til utvida bruk av avkøyrsløse til offentleg veg KV 1102, ta kontakt med vegavdelinga ved Lindås kommune for rettleiing.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 27.12.17**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ove Malvin Eknes	Eidavegen 209	5993	OSTEREIDET
Ranveig Anny Eknes Reikerås	Eknes 95	5993	OSTEREIDET
Wenche Eknes	Fanahammeren 24	5244	FANA

Mottakarar:

Ove Malvin Eknes	Eidavegen 209	5993	OSTEREIDET
Ranveig Anny Eknes Reikerås	Eknes 95	5993	OSTEREIDET
Wenche Eknes	Fanahammeren 24	5244	FANA